



Ove Martin Tyssebotn
Gamlevegen 348
5590 Etne

Dato: 13.08.2018

Vår ref.: 2017/6453-13

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.:

Varsel til grunneigar om arkeologisk registrering med gravemaskin - bygging av Valdra kraftverk - Etne kommune

I samband med bygging av Valdra kraftverk i Etne kommune er det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i delar av det aktuelle området, jf. § 11 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatorene i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det aktuelle området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar med gravemaskin i veke 34 på delar av gnr. 133, bnr. 1.

Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking i søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn. Lengd på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opp til 50-60 meter eller meir. Avstand mellom sjaktene varierer vanlegvis mellom 8 og 15 meter. Djupn på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast for å kome ned til steril undergrunn.

All jordmasse skal førast tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpende, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjerna i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Kambo Energi AS, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det verte aktuelt å opne opp gjerder for å skaffe tilgang til område med gravemaskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil ein innhente opplysningar om nedgravne kablar, røyr og grøfter i dei aktuelle areala frå eigagarar av slike anlegg. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.

Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Tore Slinning, tlf. 48 99 49 10,
Tore.Slining@hfk.no eller fagkoordinator for arkeologisk feltarbeid Monika Serafinska, tlf. 48 99 12 97,
Monika.Serafinska@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

KAMBO ENERGI AS